

Rutine for overføring av ungdom som flyttar innanfor eige fylke og som treng vidare oppfølging av OT/PPT.

Oppfølgingstenesta i Hordaland er inndelt i kontorstader/einingar. Desse områda er Voss, Kvam, Bergen Nord, Bergen Sentrum, Bergen Sør, Leirvik, Etne og Odda.

OT-rådgjevarane i Oppfølgingstenesta har kvar sitt geografiske ansvarsområde. Folkeregistrert adresse gjeld der anna adresse er ukjend eller usikker.

Rutinen gjeld:

- ungdom som sluttar på skule og flyttar til anna distrikt/eining og ynskjer vidare oppfølging.
- ungdom som er utanfor opplæring i eit distrikt som flyttar til anna distrikt/eining og som ynskjer vidare oppfølging.

Elev som sluttar på skulen og flyttar

OT-rådgjevar som har ansvar for det geografiske området der ungdommen bur skal normalt delta i avklaringssamtalen på skulen*. Dersom ungdommen tidlegare har vore tilvist OT/PPT då vedkommande gjekk på skule og er registrert i klientsystemet PPI, avsluttast normalt saka der og opprettast i OTTO på kommande/ny OT-eining.

Ungdom utanfor opplæring som har hatt oppfølging av Oppfølgingstenesta og flyttar

Oppfølgingstenesta der ungdommen har vore følgt opp informerer om overføringa på epost til OT-rådgjevar ved den eininga som har ansvaret for det området ungdommen flyttar til. Kontortilsette og OT-leiar skal ha kopi av eposten til orientering.

Mappe med oppdatert saksinformasjon på ungdommen blir etter avtale ettersendt rekommandert. OT-rådgjevar oppdaterer status i OTTO før overføring.

Kontorrutine for tilvising og saksfordeling ved mottakarkontor når ungdom sluttar på skulen

Sjå retningslinje for avklaringssamtaler.

Kontorrutine for tilvising og saksfordeling ved mottakarkontor når ungdom under oppfølging frå OT flyttar

Kontormedarbeidarar registrerer saka i tilvisingslista og leverer mappa til aktuell OT-rådgjevar.

Tilhørande dokument

Retningslinje for avklaringssamtale

** Dette kan avvikast dersom avstanden mellom skulen og opphaldsadresse er stor. Sjå retningslinje for avklaringssamtale.*